

ÅRLEGE TRADISJONAR/ARRANGEMENT I KNAPPSKOG BARNEHAGE

SEPTEMBER	VENNSKAPSMÅNAD	Alle barn skal kjenne at dei er viktig og har ein betydning for fellesskapet. Fokus på mangfald og at vi alle er like mykje verd. Vi arbeider for eit trygt og godt barnehagemiljø, sjekkar ut om alle barn i Knappskog barnehage har det bra. Refleksjonar rundt venskap. Også fokus på leik, da leiken er med på å stimulere og utvikle sosiale, emosjonelle og kognitive ferdigheiter.
OKTOBER	SOLIDARITETSMÅNAD	Vi er alle like og ulike på forskjellige måtar. Barn oppheld seg i barnehagen med forskjellige menneske, tankesett, kulturar, levemåtar, uttrykk, idear og praksisar. Alle har same rettigheter, alle skal føle seg velkommen, bli sett og respektert. Denne månaden skal vi arbeide med å synleggjere og anerkjenne dei ulike kulturar og språk vi har i barnehagen/avdelingane.
NOVEMBER	KROPPEN-MIN-MÅNAD	Å ha ein god kvardag krev at barn er trygg på eigen kropp, har ein positive oppfatning av seg sjølv og blir kjent med eigne følelsar. Dei skal utvikle forståelse til retten å bestemme over eigen kropp og ha respekt for andre sine grensar.
DESEMBER	LYSTENNING	Vi inviterer familie til å tenne julelys i barnehagen. Vi skal glede oss saman, vi gler oss over det vi har og gler oss over å ha moglegheit til å glede andre.
	NISSEFEST	Juletrengong, songar og nissegraut. Det kan og vere at vi får eit glimt av nissen.
	LUCIA	Vi markerar Luciadagen. Bergknausen går i luciatog gjennom dei andre avdelingane.
FEBRUAR	SAMEFOLKETS DAG	Gjennom eventyr, joik, konkretar og formingsaktivitetar med samisk tema lærer vi om samanes kultur og mattradisjonar.
	KARNEVAL	Karneval er ein festdag. Vi har fokus på utkledding, dans og drama.
MARS	BARNEHAGEDAGEN	Det er fagrørsla si markering av barnehagens innhald, der det er ulike tema kvart år. Meir informasjon om markeringa sendast ut til føresette på førehand i på periodeplan eller i Vigilo.
MARS/APRIL	PÅSKELUNSJ	Vi snakkar om påske, og kvifor vi markerar den. Vi har påskelunsj der vi serverar diverse godt pålegg, gjerne basert på egg og gule fargar.

MAI	KNAPPSKOGLEIKANE	Vi går i tog med flagg, fane og musikk før vi deretter har leik og moro med tradisjonsrike leikar.
	STAFETT FOR LIVET	Vi er med for å vise støtte til dei som kjempar mot kreft heile døgnet. Barn og vaksne spring i 24 minuttar som ein symbolsk markering på dette.
JUNI	FARGEFEST	Vi markerar mangfold, at kvar og ein er god nok som dei er. Fokus på fellesskap, tilhøyrse og likheiter.
	SOMMARFEST/ DINO-AVSLUTNING	Sommarfest for barn, føresette og personale.
JULI	SOMMARBARNEHAGE	Mange barn er på ferie, men vi som er i barnehagen skal ha fine dager med opplevingar utanom dei vanlege.